



DEN NORSKE KYRKJA
Prosten i Midhordland

dek 30

Latur- og kirkedep. M	
Saksnr. 03/385	Dato 27/11/03
Fedo. 540	Beh. KRS

DET KONGELIGE KULTUR-
OG KIRKEDEPARTEMENTET
Postboks 8030 Dep
0030 *Oslo*

Os, 26.11.2003

TENESTEORDNING FOR PROSTAR OG KYRKJELYDSPRESTAR Høyringsfråsegn

1. Eg seier meg i hovudsak samd i det som kjem fram i dei nye tenesteordningane og trur dei vil leggja til rette for ei god presteteneste i kyrkjelydane.
2. Tydelegare enn i framlegget må det understrekast at presten er hovudansvarleg for prestetenesta i eigen kyrkjelyd. Kyrkjelyden må vita kven som er "vår" prest. Utviding av tenesteområdet til heile prostiet må ikkje føre med seg svekka band mellom presten og hans eigen kyrkjelyd.
3. Det må koma betre fram at presten har pastoralt ansvar for kyrkjelyden. Han skal ikkje berre utføre visse handlingar innanfor eit geografisk område. Presten skal fremje kristen tru og kristent liv i kyrkjelyden ved å inspirere, oppmuntre og rettleie. Dette kan synast sjølvsagt, men må seiast i klårtekst i tenesteordningane.

Venleg helsing


Kaare M. Bakke